

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2015/2016

Innleiing

Årsmøtet for 2014/15 vart avvikla i grendahuset 02.04.15. På dette årsmøtet vart det vedteke at dei fem medlemmene i styret skulle halda fram i eitt år til. Når det gjaldt varamedlemmer, vart det ei endring : Victor Larsen kom inn inn for Paal Rasdal.

Styret har då vore samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Ingfrid Rasdal, Arild Skjelbred, Frøydis Eide og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Frode Tufte (1 år), Victor Larsen (2 år)

Av styret står Terje på val (leiar), Ingfrid og Arild står på val (styremedlemmer) og Frode står på val (varamedlem).

Valnemd : Jan Olav Larsen (2 år) og Geir Rasdal (1 år), Geir står på val.
Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

Møteverksemd

Også dette året har det vorte halde to styremøte i grendalaget. Det første møtet hadde me 19.juni og det andre 9.oktober. I tillegg hadde også styret som vanleg eit møte i forkant av årsmøtet 2.april.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Den godkjende årsmeldinga - og informasjon og bilete elles - vert lagd ut på Rasdalssida, www.rasdalen.no. Styret oppfordrar fleire av medlemmene til å senda bilete, ev. med tekst, til Arild. Dermed kan sida oftare oppdaterast, slik at folk kan sjå korleis det ser ut i Rasdalsområdet. Viktig informasjon vert også kunngjort som oppslag her i Rasdalen. Det

kan også nemnast at Arild har oppretta ei Face book-side til Rasdalen for ei tid tilbake, der ein raskt kan dela informasjon. Om ein ikkje er på Face book, så er det likevel fullt mogeleg å ha ein profil der utan bilete og innlegg. Då kan ein samtidig vera medlem av grupper og såleis vera i stand til å motta informasjon.

Saker det har vore arbeidd med :

Dugnaden 20.06.15

Den opphavelige planen var at dugnaden skulle vera den 23.mai, og hovudarbeidet skulle vera å måla langveggen opp inn mot dalen. Men vergudane var definitivt ikkje på vår side den dagen, så dermed måtte arbeidet utsetjast. Kåre hadde sett opp stillas, så alt var på plass frå vår side. Men den 20.juni + på nokre ekstradagar vart arbeidet gjennomført, og enden på visa var at me fekk målt tre veggjar. Kåre flytta stillaset, og veret var tenleg for oss. Planen er at den siste veggen (mot vegen) skal me gjera ferdig i 2016.

I tillegg til dette arbeidet vart det rydda rundt og på skuleplassen, og det vart også utført ein del innvendig vask.

Sommarfesten 01.08.15

Sommarfesten vart stort sett avvikla etter same mønster som tidlegare, og vergudane tok omsyn til at me hadde sommarfest. Etter at uteaktivitetane var avvikla i opphaldsver, heldt me for det meste til i salen nede. Dei om lag 40 gjestene hadde ein triveleg kveld i saman med eit rikhaldig koldtbord, quiz med varierte spørsmål, allsong og eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Inntektene på denne festen er viktige for grendalaget, og i fjor fekk me inn heile 9990 kr på åresalet – ny rekord ! I tillegg fekk me inn 2100 kr på inngangsbillettane. Tradisjonen med sommarfest er også viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen.

Påskebasaren

Basaren på påskeaftan har vore ei viktig inntektskjelde for Rasdalen grendalag. Me fekk nok ein gong inn 12.000 kr på basaren – eller heilt nøyaktig 11931 kr - og det er imponerande. Det var som vanleg fire trekningar, og det vart gitt litt informasjon frå leiaren. Styret er svært

takksam for at folk er så flinke til å stilla opp, kjøpa årer og gje gevinstar til åresalet. Denne gongen var det rekordoppslutning på basaren, til saman 75 personar med stort og smått.

Påskerennet, som etter tradisjonen vert arrangert før basaren, vart dette året arrangert oppe i Dalamyra med ni deltakarar. Premieutdelinga tok me som vanleg under påskebasaren.

Økonomien til grendalaget

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra kontroll og styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.15 var på 41277,42 kr. Etter den tid har det gått ut om lag 14.500 kr til faste utgifter, men påskeaftan kjem basaren vår med forhåpentlegvis nytt økonomisk påfyll.

Når det gjeld medlemskontingent for 2015, har det kome inn 8550 kr på kontoen vår.

Diverse

Grendahuset har, som me før har påpeika, fått ein god del «oppgraderingar» i løpet av dei siste åra. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka som lokale for møte, samkomer og festar av ulikt slag. Me håpar at folk vil bruka huset til ymse arrangement, og det bør også nemnast at styret har lagt seg på eit heller lågt nivå når det gjeld utleigesatsar.

Hovudarbeidet sist sommar var målingsarbeidet, det var eit heller stort dugnadsprosjekt. Det er viktig at me tek vare på huset, og at det ser velstelt og skikkeleg ut. På dugnaden i 2016, som er bestemt til 28.mai, vil me måla den veggen som står att. Når me i grendalaget utfører eit slikt arbeid, er det godt å ha med seg folk med kompetanse, anten det gjeld å setja opp eit stillas eller det å stå for innkjøp og vera fagleg ressursperson.

Tostigen er no fullstendig utbetra, slik at det er vorte greiare og meir sikkert å ta seg fram der. Grunneigarlaget og Småkraft har delt på utgiftene til dette prosjektet. Her har det også gått med mange dugnadstimar, og til mykje av arbeidet som der vart gjort, var det også naudsynt med kompetanse, maskiner og utstyr.

Før påske har me også fått gjort avtale om at at det vart brøytt rundt grendahuset. Her var ein god del med snø, og noko av den var så tettpakka at den måtte fjernast ved hjelp av gravemaskin.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

I året som har gått så har det vorte utført ein god del dugnadsarbeid. Det har også, som vanleg, vorte arrangert påskebasar, dugnad og sommarfest. Styret prøver så godt det kan å halda oppe aktiviteten i dalen i tillegg til å halda grendahuset i bra stand, og der har me fått gjort ganske mykje i løpet av dei siste åra.

Prosjektet med å innreia lærarrommet i 3.etasje har nok drege litt langdrag. Det har sine ulike årsaker, så det er ei sak me lyt gripa meir tak i.

Sommaren i fjor kom svært seint, og snøen låg rekordlenge i fjellet. Tanken om å arrangera ein fellestur til Vibotn i juli vart berre med tanken, så der får me prøva igjen. Eit anna alternativ kan vera å arrangera ein tur opp Tostigen.

Elles ser me også at mange brukar sommaren til å reisa omkring, og det er også ein viktig del av ferien. Men me håpar samstundes at Rasdalen også kan vera eit alternativ som reisemål. Det har kome mange positive tilbakemeldingar frå folk som har teke turen opp her, og den vanlege kommentaren er at her er ein så fin natur. Turen inn til Vibotn er det mange som går, der møter me kvart år nye turgåarar. «Rasdalen er ei naturperle», har det vorte sagt –me trur nok alle er samde om det.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal
leiar

10.03.16

